



Saksbehandlar:

P. C. Stohl

Dato:

02.02.2022

## Saksframlegg

### Gamingrom i ny ungdomsklubb

#### **Samandrag:**

Hareid kommune skal få ny ungdomsklubb. Barnas kommunestyre må ta stilling til om klubben skal ha eige gamingrom.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Barnas kommunestyre vedtek at den nye ungdomsklubben ikkje skal få eige gamingrom.

#### **Saksopplysningar:**

I løpet av våren 2022 skal Hareid kommune få ny ungdomsklubb. Lokalet som kommunen har kjøpt ligg sentralt plassert i Hareid sentrum. Det må pussast opp og renoverast før det kan klargjerast til ungdomsklubb. Det skal også kjøpast inn ein del utstyr.

Det har kome inn ønske om å ha eit eige gamingrom i ungdomsklubben. Dette er ein aktivitet som mange driv med, men heime på gute- og jenteroma. Dei som har kome med forslaget meiner ein gamingklubb vil gjere det meir sosialt om desse ungdomane har ein stad å samlast.

#### **Utstyr**

Eit gamingrom i seg sjølv kostar ikkje ekstra, men det vil krevje ein del utstyr for å få eit rom som vil fenge barna/ungdomane.

For å finne ut om dette er noko Hareid kommune skal satse på, har vi engasjert konsulentelskapet Gaming Komplett. Dei meiner følgande utstyr er naudsynt for å få eit skikkeleg gamingrom:

- 6 gaming-PC-ar (Epic Gaming PC - RTX 3060 Ti Edition) til 20.999 kroner per stykk
- 6 gaming-stolar (Trust GXT 712 resto pro gamingstol) til 3.999 kroner per stykk
- 6 gaming-bord (Trust GXT1175 imperius xl gaming desk) til 2.399 kroner stykk
- 2x Playstation 5 til 5.999 stykk
- 2x Xbox series X til 5.499 kroner stykk
- 4 TV-ar/skjermar til konsollane (Samsung 75" 4K Smart) til 14.999 kroner stykk
- Diverse kablar, rutalar med meir: 20.000 kroner – inkludert arbeid

Lisensar til spel og liknande er ikkje lagt inn.

Totalt: 267.374 kroner

## **Areal**

Gaming Komplett har også vurdert kor stor plass eit gamingrom treng. Dei har konkludert med at eit slikt rom må ha minst 60 kvadratmeter. Eit gamingrom vil også vere sett opp slik at det ikkje kan nyttast til andre aktivitetar. Lokalet kommunen har kjøpt er på 150 kvadratmeter. Inne i dette ligg det toalett og lager på til saman 30 kvadratmeter.

## **Vurdering**

Hareid kommune har eit budsjett til ungdomsklubb på totalt 2,5 millionar kroner. 2,1 millionar går med til generell oppussing av lokalet – uavhengig av kva aktivitetar som skal skje der. Det står derfor igjen 400.000 til å kjøpe inn utstyr, møblar og andre effektar som gjer at dette blir ein kjekk plass å vere, med mange aktivitetar.

Dersom vi skal nytte ustyrslista til Gaming Komplett på nesten 270.000 kroner, vil det berre stå igjen om lag 130.000 kroner til å dekke utstyr til alle andre aktivitetar enn gaming.

Den same utfordringa får vi når det gjeld arealbruk. Når vi trekk frå toalett og lagerplass frå totalarealet, står det igjen 120 kvadratmeter. Gamingrommet vil altså ta halvparten av dette. I planane har vi lagt inn eit lite kjøken til å lage enkelt mat som kan serverast på klubben. Det er berekna at det vil koste om lag 100.000 å innrei. I tillegg treng det rundt 10 kvadratmeter.

Dersom vi skal ha både kjøken og gamingrom, vil det berre vere 30.000 kroner og 50 kvadratmeter igjen til alt anna.

Spørsmålet vi då må stille oss, er om vi ønsker at gamingrommet skal ta så mykje plass og pengar på bekostning av alle dei andre aktivitetane vi kan fylle eit ungdomslokale med.

## **Konklusjon**

Det hadde vore kjekt å ha eit nyskapande ungdomstilbod på Hareid. Utfordringa er at eit gamingrom vil krevje så mykje pengar og plass at det vil vere lite igjen til resten av ungdommane og det dei vil halde på med. Administrasjonen konkluderer med at eit gamingrom, slik konsulentfirmaet Gaming Komplett har teikna, ikkje er noko vi bør gå vidare med.

Ragnhild Velsvik Berge  
kommunedirektør